

ERIK HAUGEN
SMIEVEGEN 27
6037 EIDSNES

Dato	04.09.2023
Vår referanse	2023/68588-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Løyve til utvida bruk av avkøyrslø - fv. 5458 - gnr. 18 bnr. 36 - Alver kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslø datert 31.07.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø i forbindelse med bygging av ein ny fritidsbustad på eigedomen. Eigedomen vart frådelt i 2007 og ligg i område avsett til fritidsbustad i kommuneplanens arealdel. Det er ikkje funnet noko avkøyrsløyve frå frådellinga, vi handsamar difor søknaden.


Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5458 Stranda til eigedom gnr. 18 bnr. 36 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med kartutsnitt under.



2. Løyvet gjeld ein fritidsbustad.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.

4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsla, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på veggen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024.

Vi vurderer at den eksisterande avkøyrsla har tilfredsstillande utforming og vi kan gje løyve til utvida bruk for ein fritidsbustad.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen

fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG